

# Notat – Selskapskontroll 2016

---

## Eigaroppfølging Fjord1 AS

## Innhold

|   |    |
|---|----|
| <b>1. Bakgrunn</b> .....  | 2  |
| <b>2. Føremål og avgrensing</b> .....   | 3  |
| <b>3. Metode og gjennomføring</b> .....   | 3  |
| <b>4. Kartlegging</b> .....   | 4  |
| 4.1. Avklaringar – Organisering og rollefordeling .....   | 4  |
| 4.2. Brevet frå F1 Holding til deler av styret i Fjord1.....  | 5  |
| 4.3. Kontaktmøta mellom deler av styret frå Fjord 1 og representantar frå F1 Holding og fylkeskommunen..... | 6  |
| <b>5. Vurderingar og konklusjon</b> .....   | 8  |
| 5.1 Instruksjon av styret utanfor generalforsamling?.....   | 8  |
| 5.2 Rollefordeling og rapportering.....   | 12 |
| 5.3 Konklusjon.....   | 15 |

## 1. BAKGRUNN,

Sogn og Fjordane fylkeskommune er for tida i ein krevjande situasjon i samband med sal av aksjane i F1 Holding AS (heretter F1 Holding), og media har følgd denne prosessen tett. Den 21.april 2016 hadde avisa Firda oppe ei ny sak knytt til Fjord1 AS (heretter: Fjord1) og fylkeskommunen. Firda hadde fått tilgang til 4 notat som styreleiar for Fjord1 hadde lagt fram i møte i fylkesutvalet den 13.april 2016. Firda har på bakgrunn av notata peika på fleire kritiske moment som går på fylkeskommunen sin måte å gjennomføre eigarstyring av Fjord 1 på. Kritikken gikk m.a. på at det har vore gjennomført kontaktmøter mellom fylkeskommunen og deler av styret i Fjord1. Notata kunne tyde på at fylkeskommunen drev på med instruksjon av deler av styremedlemmane utanom generalforsamling og at det førekom press frå fylkeskommunen for at Torghatten skulle få tilgang på konkurransesensitiv informasjon frå Fjord1.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å føre kontroll med at fylkeskommunen utøver sin eigaroppfølging i tråd med lover og regler og at den er i tråd med Eigarmeldinga vedteke av fylkestinget. På bakgrunn av dette kalla kontrollutvalet inn til eit ekstraordinært møte 27. april 2016 for å drøfte saka.

Kontrollutvalet gjorde i møte følgjande samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet vil undersøke om fylkeskommunen si eigarutøving av Fjord1 AS er i samsvar med lover, reglar og fylkeskommunen sine eigne føringar for eigarutøving.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet innhente aktuelle dokument som referat, protokollar og innkallingar frå møtepunkt mellom fylkeskommunen og styret, eller deler av styret, i Fjord1 AS i 2016. Kontrollutvalet ber om innsyn i dei dokumenta styreleiar i Fjord1 AS la fram for fylkesutvalet 13. april.
3. Kontrollutvalet vil få gjennomført intervju med fylkesordførar, fylkesrådmann og styreleiar i F1 Holding AS i nær framtid for å få informasjon om fylkeskommunen si eigarutøving. I tillegg vil utvalet invitere styreleiar i Fjord1 AS til intervju om same tema. Utvalet går inn for at intervju skal gå føre seg 12. mai 2016.
4. Leiar i kontrollutvalet og eventuelt kontrollsjef vil vere til stades i fylkesutvalsmøte 4. mai under orientering og drøfting av rutinar om teieplikt.
5. Kontrollutvalet ber SF revisjon IKS om å vere delaktig i gjennomføringa av denne eigarskapskontrollen.
6. Kontrollutvalet har mål om handsaming av sak om eigarutøving i møte 31. mai 2016.
7. Kontrollutvalet vil gjennomføre undersøkingar i høve til påstandar om lekkasjar av dokument i tillegg til rutinar om å unnta dokument offentlegheit i samband med hendingar den seinare tid. Kontrollutvalet vil be fylkesrådmannen orientere utvalet om regelverk og rutinar i samband med å unnta dokument eller deler av dokument offentlegheit.

## **2. FØREMÅL OG AVGRENSING**

Kontrollutvalet hadde i følgje vedtaket to hovudspørsmål dei ville følgje opp. Det eine går på å sjå etter om fylkeskommunen si eigarutøving av Fjord1 blir utført i tråd med lover og regler, og det andre er å gjere ei vurdering av om fylkeskommunen har tilfredstillande rutinar ved handsaming av dokument som er unnateke offentleglova, og om rutinane vert følgt. Den fyrste delen er å sjå på som selskapskontroll og den andre delen bør gjennomførast som eit forvaltningsrevisjonsprosjekt. I dette notatet er det spørsmålet om eigarutøving som vert følgt opp. Pkt. 7 i vedtaket er ikkje omtalt i notatet.

### **Føremål**

Føremålet med undersøkinga er å sjå etter om fylkeskommunen si eigarutøving av Fjord1 skjer i samsvar med lover og regler jf. pkt. 1 i vedtaket.

### **Sogn og Fjordane fylkeskommune si Eigarmelding 2015.**

Sogn og Fjordane fylkeskommune sine regler og retningslinjer for eigarutøving vert regulert av Eigarmeldinga som vert vedteke i fylkestinget kvar haust. Vi har her sett spesielt på punkt 2 og 3 i tillegg til pkt. 1.8.3 (Rettslege råmer for ulike verksemder) i Eigarmeldinga for 2015. Pkt. 2 omhandlar Råmer for oppfølging av eigarskapen: regler og fylkeskommunale retningslinjer og pkt. 3 omhandlar Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Dette vil vi kome nærare inn på under kap. 5 i notatet.

### **Presisering og avgrensing**

Vi vil presisere at undersøkinga er avgrensa til ei kartlegging på eit avgrensa område i ein avgrensa/kort periode. Undersøkinga er ikkje å sjå på som forvaltningsrevisjon sett i forhold til Standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) sine krav og retningslinjer.

Kartlegginga har vore avgrensa til den formelle og/eller uformelle informasjonen som har gått mellom fylkeskommunen, F1 Holding og styret/deler av styret i Fjord1.

Føremålet med undersøkinga er avgrensa til ei kartlegging av kommunikasjonen mellom Fjord1, F1 Holding og Sogn og Fjordane fylkeskommune i perioden november 2015 til april/mai 2016. Vi har samstundes sett nærare på om fylkeskommunen si rollefordeling og rapportering i eigarutøvinga av selskapa F1 Holding og Fjord1 er utført i samsvar med fylkeskommunen sine rutinar jf. Eigarmeldinga 2015.

Notatet er utarbeida på bakgrunn av kontrollutvalet si kartlegging av kommunikasjonen mellom styret/deler av styret i Fjord1 og Sogn og Fjordane fylkeskommune og F1 Holding. Notatet inkluderer ei vurdering av om ein på bakgrunn av innsamla informasjon kan stille spørsmål ved om fylkeskommunen si eigarutøving av Fjord1 er utført i samsvar med fylkeskommunen si Eigarmelding vedteke av fylkestinget. Vi vil her presisere at vi ikkje har følgt opp eller kontrollert det som er kome fram i intervjuet mot anna dokumentasjon/informasjon. Vi vil understreke at dette notatet ikkje omhandlar styret i Fjord1 si utøving av sine oppgåver og plikter.

## **3. METODE OG GJENNOMFØRING**

Kartlegginga er i hovudsak basert på intervju av fylkesordførar og fylkesrådmann i Sogn og Fjordane fylkeskommunen og styreleiar og dagleg leiar i F1 Holding samt styreleiar i Fjord1. Vi har i tillegg gjennomgått følgjande dokument som vi har motteke frå fylkeskommunen:

- Brev frå F1 Holding til deler av styret i Fjord1 datert 08.12.2015 inkl. vedlegg frå deler av Aksjekjøpsavtalen og Aksjonæravtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Torghatten.
- 5 notat utarbeida av Advokatfirmaet Selmer til Fjord1 ved styreleiar. Notata inneheld faglege juridiske vurderingar omkring ein del tema knytt til forholdet mellom Fjord1 og eigaren Sogn og Fjordane fylkeskommune og F1 Holding i samband med salet av aksjane i F1 Holding til Torghatten.
- Interne notat utarbeida av Jan Øhlckers som dagleg leiar i F1 Holding frå eigarmøte i Fjord1 08.01.2016 og 04.04.2016. Notata inneheld i tillegg til notat frå sjølve møta også notat knytt til forarbeidet til møta. Det vart semje om at det ikkje skulle utarbeidas referat frå eigarmøta.
- Interne notat utarbeida av Jan Øhlckers som dagleg leiar i F1 Holding frå møta mellom fylkeskommunen, F1 Holding og deler av styret frå Fjord1. Møta vart gjennomført 15.01.2016, 01.03.2016 og 28.04.2016.

Brevet frå F1 Holding til deler av styret i Fjord1 datert 08.12.2015 er eit sentralt dokument som vi ser på som eit viktig utgangspunkt for kontaktmøta som er nærare omtalt under pkt. 4.3 i notatet.

Notata frå kontaktmøta utarbeida av Jan Øhlckers har vore eit nyttig grunnlag for intervjuet om kommunikasjonen mellom deler av styret i Fjord1, F1 Holding og fylkeskommunen.

Målsettinga med intervjuet har vore å få fram dei forskjellige personane si oppfatning omkring hendingane og kommunikasjonen mellom Fjord1 og fylkeskommunen og F1 Holding i den aktuelle perioden.

Oppsummering av alle intervjuet er sendt til respondentane for verifisering. Det er berre informasjon frå dei verifiserte intervjuet som har vore nytta i notatet.

Kartlegginga er gjennomført av medlemmar av kontrollutvalet med bistand frå kontrollsjef Einar Ulla og revisor Marianne Vara i mai 2016. Sjølve vurderingane er utført av Einar Ulla og Marianne Vara.

Følgjande personar er intervjuet:

Styreleiar i Fjord1: Pål W. Lorentzen (heretter under forkortinga PWL)

Fylkesordførar i Sogn Fjordane fylkeskommune: Jenny Følling (heretter under forkortinga JF)

Fylkesrådmann i Sogn Fjordane fylkeskommune: Tore Eriksen (heretter under forkortinga TE)

Styreleiar og dagleg leiar i F1 Holding: Jan Øhlckers (heretter under forkortinga JØ)

## 4. KARTLEGGING

### 4.1. Avklaringar – Organisering og rollefordeling

Kontrollutvalet fikk gjennom dei innleiande spørsmåla til JØ og TE avklart ein del fakta om organiseringa av selskapa og rollefordelinga i fylkeskommunen.

Eigarforholdet mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og selskapa F1 Holding og Fjord1 er som følgje: Sogn og Fjordane fylkeskommune eig 100% av aksjane i F1 Holding og F1 Holding eig 59 % av aksjane i Fjord1. Selskapet Havilafjord AS eig dei resterande 41 % av aksjane i Fjord1. Fjord1 er eit dotterselskap av F1 Holding som er konsolidert i samsvar med aksjelova.

Fylkesrådmannen er av fylkesutvalet vald som eigarutsending i F1 Holding, og er såleis fylkeskommunen sin eigarrepresentant i generalforsamlinga i F1 Holding. Med det har TE formelt sett rapporteringsansvaret til fylkesutvalet som eigarutsendingar har jf. Eigarmeldinga 2015.

Generalforsamlinga i F1 Holding har valt JØ til styreleiar i selskapet. Han er det einaste styremedlem i selskapet og har ansvaret for den daglege drifta. Det er vedtaksfesta at det er fylkesordførar som skal stille som F1 Holdings eigarrepresentant i Fjord1.

I følgje FT-vedtaket om sal av aksjane er det fylkesrådmann TE som har fått fullmakt til å slutføre salet. TE og JF har i intervju synt til JF som hovudkontakten til Torghatten. I og med at ho er fylkeskommunens fremste politiske representant og at det er ho som har den formelle eigarkontakten med Havilafjord AS (som eigarrepresentant i Fjord1) har dei sett på det som naturleg. TE sin kontakt med Torghatten har vore minimal.

#### **4.2. Brevet frå F1 Holding til deler av styret i Fjord1**

Det nye styret i Fjord1 ble valt på generalforsamlinga 07.12.2015. Av det nye styret vart følgjande innstilt av fylkeskommunen:

Styreleiar: Pål W. Lorentzen

Styremedlem: Arvid Andenæs, Vidar Grønnevik og Bente Nesse

Selskapet Havila innstilte følgjande:

Nestleiar i styret: Vegard Sævik

Styremedlem: Per Sævik

Dei tilsette sine representantar i styret: Atle Olav Trollebø og Arnstein Aamås

Den 08.12.2015 vart det sendt eit brev frå F1 Holding til dei fire nye styremedlem som var innstilt av fylkeskommunen. Sjølv om brevet er signert av F1 Holding ved JØ har ein nytta fylkeskommunen sitt brevark og fylkeskommunens økonomisjef står oppført som sakshandsamar i brevet. I følgje TE har dei nytta naudsynt fagkompetanse til utarbeiding av brevet. Brevet inneheld ein del viktig informasjon omkring fylkeskommunen sitt vedtak om sal av fylkeskommunen sine aksjar i F1 Holding til Torghatten ASA. Det inkluderer ein del retningslinjer som partane var blitt samde om, og som styret i F1 Holding og Fjord1 i følgje brevet må følgje. Sitat frå brevet:

*«Både Aksjekjøpsavtalen («Avtalen») og aksjonæravtalen («Aksjonæravtalen») (saman «Avtalane») inneheld retningslinjer for styret i Selskapet (F1 Holding) og i Fjord1 i tida*

*fram til gjennomføringsdagen<sup>1</sup> og i tida etter gjennomføringsdagen. Vi vil med dette brevet opplyse om kva slags føringar avtalane legg på styremedlemene.»*

*«Pliktane slik dei kjem fram av Aksjekjøpsavtalen og Aksjonæravtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Torghatten er lagt ved brevet og blir nærare omtalt i brevet.»*

Brevet inneheld ein god del informasjon om innhaldet i dei to avtalane og kva for plikter det vil medføre styra i dei to selskapa. Vi vil her spesielt nemne:

- Aksjonærene er i følge aksjonæravtalen samde om at det ikkje skal utbetalast utbytte frå Gruppa (Fjord1 inkl. alle dotterselskap samt F1 Holding) i 2015.
- Aksjonærene er i følge kjøpsavtalen samde i å leggje til rette for at ein del føresetnader blir oppfylt. Vi kan her ta med som eit døme at seljar skal leggje til rette for kjøpars tekniske, finansielle og juridiske selskapsgjennomgang.

Det er berre styremedlemar i Fjord1 innstilt av fylkeskommunen som har fått brevet. Brevet er unnateke offentlegheit, og mottakarane av brevet har fått melding om at resten av styret i Fjord1 ikkje måtte få tilgang til brevet. Det er ingenting som tyder på at resten av styret har fått tilgang til brevet.

### **4.3. Kontaktmøta mellom deler av styret i Fjord1, fylkeskommunen og F1 Holding**

Det har vore gjennomført tre møte (kontaktmøte) mellom deler av styret (innstilt av fylkeskommunen) i Fjord1, fylkeskommunen og F1 Holding i 2016; 15.01, 01.03 og 28.04. Frå fylkeskommunen og F1 Holding stilte JF, TE og JØ. Frå Fjord1 stilte i tillegg til PWL, Arvid Andenæs (AA), Vidar Grønnevik (VG) og Bente Nesse (BN). BN hadde forfall til møtet 28.04.

Føremålet med møta var i følge fylkeskommunen og F1 Holding å få etablert eit tett samarbeid og utveksle informasjon med styremedlemene som var innstilt av fylkeskommunen. Det nye styret var kome inn i ein krevjande situasjon der deler av det gamle styret gikk etter at fylkestinget vedtok å selje aksjane i F1 Holding. JF, JØ og TE var i intervju ikkje heilt sikre på kven som tok initiativ til møta, og meiner det var noko dei kom fram til i fellesskap i eit telefonmøte med PWL rett etter styrevalet i desember. JF understreka i intervjuet at det var/er opptil styreleiar å ta endeleg stilling til kven han vil/ville ha med i møta.

I følge PWL var det fylkeskommunen som tok initiativ til møta, der fylkesordføraren hadde sagt at dei ønsket å ha slike informasjonsmøter med dei fire styremedlemene. Dei fire nye medlemene hadde som utgangspunkt at dei ville lytte til synspunkta til hovudaksjonæren og få til eit smidig forhold til det som føregikk. Samstundes måtte dei ha med seg at det var ein minoritetsaksjonær som var i ein rettsleg konflikt med F1 Holding.

---

<sup>1</sup> Gjennomføringsdagen er dagen da alle føresetnadar er på plass og partane er klare til å signere aksjonæravtalen.

Den formelle kontakten mellom styremedlemene og fylkeskommunen har gått mellom JF og PWL. Det har vore inngangen til alle dei tre møta.

I følge PWL har han i møte gjeve klart uttrykk for at han følte ein forplikting til å medele resten av styret om at møta har funnet sted og kva som vart handsama i møta. I det andre møtet, d.v.s. 01.03.2016, hadde han teke det opp på ny, og hadde informert resten av møtet om at han kom til å skrive eit notat frå møtet for vidareformidling til resten av styret. Samstundes er det viktig å få fram at brevet av 08.12.2015 i følge både PWL, fylkeskommunen og F1 Holding vert sett på som strengt konfidensielt, og ikkje måtte kome ut, ei heller til resten av styret i Fjord1.

I følge notat frå møta utarbeida av JØ har ein stor del av møta gått til utveksling av informasjon. Saker som har vore oppe til orientering/drøfting i møta :

- FT-vedtaket om sal av aksjane og at det gamle styret i Fjord1 som konsekvens av det trakk seg. Det var viktig for fylkeskommunen og F1 Holding å få fram at vedtaket måtte ligge som ein premiss for det arbeidet dei nye fire medlemene innstilt av fylkeskommunen skulle gjere.
- FT-vedtaket 18.12.2015 om lovlegkontrollen
- Brevet av 08.12.2015 til deler av styremedlemene
- Konkurransetilsynet sitt arbeid og status
- Presentasjon av deler av kjøps- og aksjonæravtalen mellom fylkeskommunen og Torghatten
- Den rettslege konflikten mellom Havilafjord AS og F1 Holding
- Notata utarbeidet av advokatfirmaet Selmer
- Tilsetting av ny administrerande direktør - status
- Informasjonsbehovet frå Fjord1 til fylkesordførar og fylkesutvalet
- Widerøe og styreplass
- 0-utbytte
- Oppsummering frå møte med FU 13.04
- Handtering av eigardokument og lekkasjar
- Status drifta i Fjord1
- Status Transaksjonen (gjennomføringa av aksjesalet)
- Etterløn, tidlegare adm.dir. i Fjord1

Diskusjonane rundt 0-utbytte og informasjonsflyten frå Fjord1 til Konkurransetilsynet er av PWL omtalt som hovudproblemstilling og av JF som konfliktområder. Fleire av dei intervjuane meiner at dei potensielle konfliktområda som ligg i ulike roller og aksjonæravtale m.m. etter kvart har løyst seg fint.

Dei intervjuane har gitt uttrykk for at forholdet mellom fylkeskommunen og dei fire nye styremedlemene har gått seg til. Det var ein del usemje mellom fylkeskommunen og F1 Holding og dei fire styremedlemene i starten. I følge notatet utarbeida av JØ tok styret ved Arvid Andenes dette opp i møte 01.03.2016. Han peikte mellom anna på at fylkeskommunen og F1 Holding måtte ta opp saker i kontaktmøta og ikkje ta direkte kontakt med einskildmedlemar av styret. Ved spørsmål til JØ om han hadde teke direkte kontakt med einskilde styremedlemar vart det bekrefta. Han hadde teke kontakt med einskilde for å minne dei om ting som står i brevet av



08.12.2016, m.a. om det som går på 0-utbytte. Etter påpeikinga frå styremedlemane om at dei ikkje ønska slik type kommunikasjon tok JØ det til etterretning.

Etter kvart har både styremedlemane, fylkeskommunen og F1 Holding fått større forståing for dei forskjellige rollar og med det pliktar og oppgåver den einskilde står for og har respekt for det. Alle tre representantane frå fylkeskommunen og F1 Holding roste PWL sin måte å løyse oppgåva som styreleiar i ein særskild krevjande situasjon.

## 5. VURDERINGAR OG KONKLUSJON

Vi har i våre vurderingar sett etter om fylkeskommunen i si eigaroppfølging av F1 Holding og Fjord1 har følgd fylkeskommunen sine retningslinjer jf. den årlege Eigarmeldinga, og har søkt svar på følgjande :

- Kan det stilles spørsmål ved om fylkeskommunen har prøvd å instruere deler av styret i Fjord1 utanfor generalforsamling?
- Har fylkeskommunen følgd Eigarmeldinga sine retningslinjer i samband med utøving av eigarskap av F1 Holding og Fjord1 når det gjeld rollefordeling og rapportering.

### 5.1. Instruksjon av styret utanfor generalforsamling?

Vi har sett nærare på om det kan stilles spørsmål ved om Sogn og Fjordane fylkeskommune har prøvd å instruere deler av styret i Fjord1 til å foreta noko som gir fylkeskommunen som hovudaksjonær ein urimeleg fordel på Havilafjord AS og/eller Fjord1 sin bekostning. Eit styre skal holde seg nøytralt og opptre korrekt overfor begge partar og sørgje for at likhetsgrunnsetningen overholdes. Eit styre sine plikter, ansvar og oppgåver i eit aksjeselskap vert regulert av aksjelova. Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemmane si uavhengige stilling er i Eigarmelding 2015 omtalt under pkt. 2.5.1, 4. avsnitt;

*«Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Styremedlemmene er personleg ansvarleg for å ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.»*

Aksjelova føresett at all form for aksjonærutøving skjer gjennom generalforsamlinga – aksjonærane sine rettar er bunde opp mot retten til å stemme på generalforsamlinga. Sogn og Fjordane fylkeskommune si eigarutøving utanom dei formelle generalforsamlingsmøta er ikkje lovregulert. Fylkeskommunen si årlege Eigarmelding regulerer korleis fylkeskommunen skal utøve sin eigarskap. Eigarmelding pkt. 2.4.2, 1.avsnitt, sitat:

*«Eigarorganet er det øvste mynde i eit selskap. For aksjeselskap er dette generalforsamlingar, medan det i interkommunale selskap er representantskapet. Eigarane har ein alminneleg instruks- og omgjeringrett i høve styret. Det er såleis gjennom eigarorganet at eigarane har moglegheit til å påverke styringa av selskapet.»*

Pkt. 1.8.3, 1. avsnitt i Eigarmeldinga seier noko om fylkeskommunen sine krav om rettslege råmer for ulike verksemder der fylkeskommunen er eigar eller deleigar av;

*«Fylkestinget legg til grunn at alle verksemdar til ei kvar tid følgjer dei lover og reglar som gjeld for verksemda. Fylkestinget har særleg forventning om at selskapet si leiging syter for ein forsvarleg eigenkapital og økonomiforvaltning, samt at selskapet legg til rette for at aksjeeigar kan utøve sine rettar på ein god måte.»*

Vi kan av dette trekke slutning om at fylkeskommunen som eigar ikkje kan opptre på ein slik måte som kan oppfattas som, og/eller føre til, at styret eller deler av styret ikkje følgjer t.d. aksjelova sine krav til styret, her ved å instruere eller å prøve og påverke styret/deler av styret til å foreta seg noko til fordel for fylkeskommunen. Eigarmelding 2015 gjer tydeleg reie for roller, ansvar og oppgåver som gjeld for fylkeskommunen og skilnaden mellom rolla som styremedlem der du er personleg ansvarleg og rolla som eigarrepresentant der du utøver på vegne av eigarane.

For å gjere ei vurdering av om det kan sjå ut som om fylkeskommunen har prøvd å instruere eller påverke styret utanfor generalforsamling har vi teke utgangspunkt i brevet av 08.12.2015 til deler av styret, notat utarbeida av JØ frå kontaktmøta mellom dei fire styremedlemene og fylkeskommunen og F1 Holding og dei gjennomførte og verifiserte intervju av PWL, JF, TE og JØ. Det er viktig å understreke at, med unntak av det formelle brevet av 08.12.2015, det her er tale om den einskilde sin oppfatning av det som har skjedd.

#### **Om brevet av 08.12.2015:**

Brevet av 08.12.2015 frå F1 Holding er avgrensa til dei 4 styremedlemene som er innstilt av fylkeskommunen og vert sett på som sterkt konfidensielt både av fylkeskommunen, F1 Holding og styreleiar i Fjord1. Dette har dei intervju frå fylkeskommunen og F1 Holding forklart med at det er viktig å ha med at det gamle styret gikk fordi dei ikkje var samde i fylkestinget sitt vedtak om sal av aksjane og at FT-vedtaket har vore ein viktig premiss for det nye styret. I tillegg er F1 Holding i ein rettskonflikt med Havilafjord AS. På bakgrunn av det har det vore viktig at dei nye styremedlemene har fått informasjon om aksjesalet med dei føringar som ligg til grunn mellom kjøper og seljar.

Sitat frå brevet:

*«Både Aksjekjøpsavtalen («Avtalen») og aksjonæravtalen («Aksjonæravtalen») (saman «Avtalane») inneheld retningslinjer for styret i Selskapet (F1 Holding) og i Fjord1 i tida fram til gjennomføringsdagen<sup>2</sup> og i tida etter gjennomføringsdagen. Vi vil med dette brevet opplyse om kva slags føringar avtalane legg på styremedlemene.»*

Det er vanskeleg å forstå brevet på anna måte enn at både aksjekjøpsavtalen og aksjonæravtalen inneheld retningslinjer for styret i Fjord1 i tida fram til gjennomføringsdagen og i tida etter gjennomføringsdagen. Tida fram til gjennomføringsdatoen må da bli frå aksjesalet vart vedteken i FT fram til dei formelle avtaledokumentene vert signert. I tillegg står det i brevet:

*«Vi vil med dette brevet opplyse om kva slags føringar avtalane legg på styremedlemene.»*

---

<sup>2</sup> Gjennomføringsdagen er dagen da alle føresetnadar er på plass og partane er klare for å signere aksjonæravtalen.

Samstundes er brevet definert som strengt konfidensielt og av den grunn ikkje tilgjengeleg for resten av styret i Fjord1.

Styreleiar i Fjord1 opplyste i intervjuet at han og resten av dei fire styremedlemene har oppfatta brevet som ein form for instruks eller forsøk på å instruere. Samstundes understreker han at dei sjølv sagt har lytta til hovudaksjonæren, men at dei som styremedlemar er pliktig å følgje aksjelova sine krav og at dei har ein minoritetsaksjonær som er i rettsleg konflikt med F1 Holding.

### **Om kontaktmøta:**

Møta vart i følgje PWL initiert av fylkeskommunen for utveksling av informasjon. TE, JØ og JF er litt usikre på kven det var som tok initiativ til møta, men meiner det var noko begge partar vart einige om å få til. I følgje PWL ser dei på fylkeskommunen som hovudeigar og dersom hovudeigar seier at dei vil møte deler av styret for å informere og bli informert ville dei ikkje setje seg i mot eit slikt ønske.

I dei første to kontaktmøta var det ein del usemje mellom partane. Det tyder både notata frå møta og intervjuet med PWL, TE, JF og JØ på. Usemja gikk i følgje PWL på at det underveis kom opp spørsmål som synte at det var ulik oppfatning og synspunkt på kvarandre og den rolla den einskilde sto for. Ved spørsmål om PWL følte at fylkeskommunen og F1 Holding utøvde press mot Fjord1- styret i kontaktmøta for å få tak i t.d. konkurransesensitiv informasjon frå Fjord1 fikk vi som svar at fylkeskommunen og F1 Holding nok såg på dei som vanskelege. Dei måtte argumentere sterkt for kvifor dei som styremedlemar i Fjord1 måtte holde tilbake informasjon, og understreka at under kvar omstende så måtte resten av styret vere med på det. PWL følte ikkje dette som press men usemje mellom dei som styremedlemar og representantane frå fylkeskommunen og F1 Holding. Han ser på kontaktmøta som eit godt grunnlag for open meiningsutveksling.

I følgje JF så fylkeskommunen og F1 Holding det som viktig å få informert dei nye styremedlemene om FT-vedtaket og aksjesalet. Dei ville få til ein tettare dialog enn det som hadde vore tidlegare. Det var viktig å bygge tillit slik at selskapet kunne fungere godt samstundes som vedtaket i FT kunne gjennomførast.

I følgje PWL er resten av styret orientert om kontaktmøta og innhaldet i dei. Samstundes seier JØ at det også vart gitt informasjon i møta som dei fire styremedlemene ikkje fikk informere resten av styret om. Det gikk primært på eigardokumentasjonen som er unnateken offentlegloven både frå fylkeskommunen og Torghatten si side.

Ved spørsmål til representantane frå fylkeskommunen og F1 Holding om dei forsøkte å instruere dei fire styremedlemene vart det avkrefta av alle tre. Når det gjeld ordet påverke seier JØ at det er noko heilt anna. Dei har bedt styremedlemene om å vere fleksible i forhold til avtaleverket dei kjenner frå brevet av 08.12.2015 og innrette seg etter det fordi han meiner at det er ein naturleg konsekvens av at dei er innstilt til styret av fylkeskommunen.

JØ har i intervjuet bekrefta at han i tillegg til kontaktmøta har teke direkte kontakt per telefon med tre av dei fire styremedlemene for å minne dei på om innhaldet i brevet. Han fikk attendemelding frå styremedlemene at det ikkje var ønskeleg med slik type kontakt, noko han tok til etterretning.

Brevet av 08.12.2015 slik det er formulert med klar melding om plikter og føringar for det nye styret i Fjord1 både for perioden november 2015 fram til gjennomføringsdagen og etter gjennomføringsdagen kan oppfattas som forsøk på instruksjon. Slik har også mottakarane av brevet oppfatta det jf. intervju med PWL.

Det at brevet berre er sendt til deler av styret må sjåast i samanheng med den utfordrande situasjonen både fylkeskommunen og Fjord1 var og er i både i forhold til aksjesalet og den rettslege konflikten mellom Havilafjord AS og F1 Holding. I tillegg var salet av aksjane bakgrunnen for at det gamle styret trakk seg, og ein må kunne forvente av det nye styret at dei er inne forstått med det.

Sjølve kontaktmøta mellom styremedlemene innstilt av fylkeskommunen og eigar representert av JF, TE og JØ kan etter vår vurdering ikkje sjåast på som instruerande. Dei har vore gjennomført for å få utveksla viktig informasjon og å få til ein god dialog mellom partane. Møta har ført til at roller og oppgåver er avklart og det er etablert tillit mellom møtedeltakarane. Sjølv om temperaturen til tider har vore høg, er alle dei intervju samde i at det etter kvart har gått seg til. I den grad dei ikkje har kome til semje har dei vorte samde om at det måtte løysast på andre måtar som t.d. ved utøving av instruksjonsrett i generalforsamling. Resten av styret er orientert om møta og innhaldet. PWL har ikkje gjeve utrykk for at han har opplevd møta som instruerande eller forsøk på press frå den største eigaren si side. Det er også viktig å sjå på kontaktmøta opp mot Eigarmelding, pkt. 3.7:

Pkt. 3.7 Styrerepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen:

*«Når styremedlem som vert vald inn som ein av dei representantane fylkeskommunen kan innstille til val, er det ynskjeleg å sikre god kommunikasjon mellom eigar og selskapet.*

*Det er ynskjeleg at styrerepresentant syt for at saker som vert teke opp i styret som er av slik karakter at det bør løftast opp til eigar, blir drøfta med eigarorganet gjennom fylkeskommunen sin eigarutsending i selskapet.»*

Eigarane har gjennom kontaktmøta handla i samsvar med pkt. 3.7 i Eigarmeldinga. Frå fylkeskommunen er det ynskjeleg å sikre god kommunikasjon mellom eigar og selskapet, og mykje tyder på at dei gjennom kontaktmøta har fått til det.

I intervju snakka vi både med JØ, TE og JF om dei hadde forsøkt å instruere dei fire styremedlemene utanfor generalforsamling. Det meiner alle tre at dei ikkje har gjort. I vår samtale med JØ kom han inn på forståinga av forskjellige ord; han har ikkje forsøkt å «instruere», men nemninga «påverke» er noko heilt anna i følgje JØ. I tillegg seier han at dei må kunne gi det han vil kalle «rettleiing» og «føring» til styremedlemene. Fjord1 har som selskap plikt å vere imøtekomande i forhold til dei vedtak gjort av FT. Det er ein forventning frå majoritetseiariar at dei tilpassar seg. Dersom vi ser på Eigarmeldinga for 2015, pkt. 2.4.2 om eigarorganet og eigarutøving er ein der tydeleg på at det ikkje er noko stor skilje mellom orda «påverke» og «instruere». Det skal berre skje gjennom møte i generalforsamling.

Eigarmelding pkt. 2.4.2, 1. avsnitt, sitat:

*«Eigarorganet er det øvste mynde i eit selskap. For aksjeselskap er dette generalforsamlingar, medan det i interkommunale selskap er representantskapet. Eigarane har ein alminneleg instruks- og omgjeringrett i høve styret. Det er såleis gjennom eigarorganet at eigarane har moglegheit til å påverke styringa av selskapet.»*

JØ fikk melding frå styremedlemene om at det ikkje var ynskjeleg med kommunikasjon som gikk på kontakt med den einskilde for påminning om innhaldet i brevet av 08.12.2015. Dette vart teke til etterretning.

## 5.2. Rollefordeling og rapportering

Vi har sett nærare på fylkeskommunen sine rutinar for eigaroppfølging i forhold til rollefordeling og rapportering mellom Fjord1, F1 Holding og fylkesutvalet. Dette blir regulert i Eigarmeldinga 2015 under pkt. 3 Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Sentrale moment under pkt. 3 som kan nemnast er:

Pkt. 3.2.1 Fylkesutvalet si rolle:

*«I dei fleste sakene som vedkjem fylkeskommunen sine selskap utøver fylkesutvalet eigarskapen på vegne av fylkestinget slik det følgjer av delegeringsreglementet.»*

Pkt 3.2.2 Fylkesordføraren si rolle:

*«Fylkesordføraren har ingen formell lovpålagd rolle i høve fylkeskommunen sin eigarskap, med mindre fylkestinget har gjort særskilt vedtak om obligatoriske oppgåver. Det er ikkje fatta slikt vedtak i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette medfører at ordføraren ikkje har nokon anna funksjon ovanfor fylkeskommunen sine eigarinteresser enn dei andre folkevalde med mindre fylkesordføraren blir gjeven mynde av fylkestinget.»*

Pkt 3.2.4 Fylkesrådmannen si rolle, 2. avsnitt:

*«Administrasjonen er med eigarrepresentanten i dei største selskapa eller i spesielle situasjonar. Bakgrunnen for dette er å sikre gode kommunikasjons- og informasjonslinjer.»*

Pkt. 3.4 Rutinar for utøving av fylkeskommunal eigarskap, 1. og 4. setning

*«Det er fylkesutvalet som løypande utøver eigarrolla i selskap på vegne av fylkestinget.»*

*«Fylkesutvalet drøftar regelmessig eigarskapen til fylkeskommunen i dei ulike selskapa, særleg om den er i samsvar med føremålet med eigarskapen i selskapet, kva forventningar ein har til selskapet og om fortsatt eigarskap er hensiktsmessig.»*

Pkt. 3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring:

*1.setning:*

*«Utsendingane drøfter saker/eigarpolitikken i høve kvart enkelt selskap med fylkestinget eller fylkesutvalet ved behov.»*

*4.avsnitt:*

*«Utsendingane eller vara møter på generalforsamling/representantskap. Her opptre eigarrepresentanten i tråd med styringsinstruksane ho eller han har fått av det politiske fleirtal i fylkesutvalet.»*

*5.avsnitt*

*«I etterkant av eigarmøtet i selskapa utarbeider eigarutsendinga ein skriftleg rapport til*

fylkesutvalet.»

Siste avsnitt:

«For selskap der fylkeskommune sin eigarposisjon er betydeleg og der situasjonen tilseier det, er det rutine at fylkestinget oppmodar om at protokoll frå styremøta i selskap vert sendt over til fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har bede dei selskapa det gjeld, innarbeide dette som fast rutine. Oversikt over kva selskap som har fått slik førespunad går fram av del II under omtalen av det enkelte selskap.»

### Pkt. 3.8 Eigarrepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen


«Fylkestinget ser det som hensiktsmessig at eigarutsending i det enkelte selskap ber om instruks frå fylkesutvalet i forkant av ordinært eigarmøte når dette er naturleg.»

Innsamla informasjon om eigarutøving og rollefordeling inkl. rapporteringsrutinar er i all hovudsak utført gjennom intervju av JF, TE og JØ. Fylkesutvalet har vald TE som eigarutsending i F1 Holding. Han er såleis fylkeskommunen sin eigarrepresentant i generalforsamlinga i selskapet. Dette kjem fram av Eigarmelding 2015 under informasjon om det einskilde selskap.

JØ er av generalforsamling i F1 Holding valt til styreleiar i selskapet. JØ er einaste styremedlem og har ansvaret for den daglege leiinga gjennom selskapet Vidsyn Rådgivning AS.

Det er vedtektsfesta at fylkesordførar skal vere F1 Holding sin eigarrepresentant i Fjord1.

Figuren under syner fylkeskommunen sin formelle organisering av selskapa F1 Holding og Fjord1, og korleis det kan sjå ut som eigarutøvinga av selskapa skjer og korleis rapportering/kommunikasjon frå eigarrepresentantane til eigarane fylkesutvalet og F1 Holding har vore gjennomført.



Det er fylkeskommunen som eig selskapet F1 Holding som igjen er hovudaksjonær i Fjord1. Dersom vi ser formelt på det bør eigarutøving skje frå fylkesutvalet til F1 Holding som igjen utøvar sin eigarskap i generalforsamling i Fjord1. I det praktiske ser det ut som om eigarutøvinga går direkte frå fylkesutvalet til Fjord1.

Dersom vi ser på eigarrepresentanten sin plikt til å rapportere til eigar bør den også ut frå ei formell side skje frå JF (Fjord1) til generalforsamlinga i F1 Holding (TE) som rapporterer frå F1 Holding til fylkesutvalet. Vi viser her til Pkt. 3.2.1 om fylkesutvalet si rolle:

*«I dei fleste sakene som vedkjem fylkeskommunen sine selskap utøver fylkesutvalet eigarskapen på vegne av fylkestinget slik det følgjer av delegeringsreglementet.»*

Fylkeskommunen eig Fjord1 gjennom F1 Holding, og har av den grunn ikkje utpeikt nokon til å vere fylkeskommunen sin eigarrepresentant i Fjord1. Det er som tidlegare nemnd gjort av generalforsamlinga i F1 Holding.

I intervjuet kom det fram at rapporteringa frå eigarrepresentanten JF i Fjord1 skjer direkte til fylkesutvalet. JØ rapporterer frå F1 Holding til fylkesutvalet. Vi gikk i intervjuet ikkje direkte inn på om TE som eigarrepresentant i F1 Holding rapporterer munnleg eller skriftleg frå F1 Holding til fylkesutvalet. Når det gjeld kommunikasjon og rapportering mellom eigarrepresentantane i F1 Holding og Fjord1 har vi ikkje fått nokon klar forståing på korleis dette har skjedd. I følgje JF har samarbeidet mellom henne, TE og JØ vore veldig bra. Det same seier TE. I følgje JØ har det vore nær dialog mellom dei tre og rapportering har skjedd ad-hoc. Notatane frå både eigarmøta og kontaktmøta viser også at dei tre har jobba tett omkring aksjesalet og dei to selskapa. Alle tre har i intervjuet sagt at rollefordelinga fungerer i og med at dei har god kontakt med kvarandre for utveksling av informasjon.

Vi gikk i intervjuet ikkje direkte inn på om t.d. JF som eigarrepresentant i Fjord1 har rapportert formelt til generalforsamlinga i F1 Holding.

Det vart stilt spørsmål om ein har vedtekne rutinar for rapportering mellom fylkesordføraren som eigarrepresentant i Fjord1, styreleiar i F1 Holding og fylkesrådmannen som fylkeskommunen sin eigarrepresentant i F1 Holding. JØ svarer at ein har kvartalsvis rapportering i samsvar med krava i aksjelova, og elles ad hoc, men at det i den seinare tid har vore nær dialog mellom dei tre. Dette for å sikre tilbakemeldingane til fylkesutvalet.

TE viser til at fylkesutvalet for ei tid tilbake konkluderte med at det frå Fjord1 skulle rapporterast tilbake til fylkesutvalet og F1 Holding samla.

Formelt sett er det TE som skal rapportere frå F1 Holding til fylkesutvalet, etter at JF har rapportert frå Fjord1 til generalforsamlinga i F1 Holding (sjå figuren over).

Dei formelle linjene gjer at fylkesrådmannen kan «instruere» fylkesordføraren gjennom vedtak i generalforsamling i og med at det er F1 Holding som er eigar av aksjane i Fjord1. I følgje intervjuet har slik instruksjon aldri skjedd. I praksis er det også slik at JF rapporterer frå Fjord1 til fylkesutvalet.

Det vart stilt spørsmål ved om korleis eigarspørsmål vert diskutert i F1 Holding eller i fylkesutvalet. TE svarte at eigardrøftingar skjer i fylkesutvalet, og at det er fylkesutvalet som er det utøvande eigarorganet i fylkeskommunen. Vidare sa han at JØ vanlegvis er til stades i fylkesutvalet når eigarspørsmål om F1 Holding blir diskutert.

Vi har i undersøkinga ikkje gått grundigare inn i om rapporteringa blir gjort i samsvar med retningslinjene som ligg i Eigarmeldinga i tillegg til politiske vedtak nemnd i intervju. Vi har gjennom undersøkingane ikkje samla inn informasjon om det har vore rapportert skriftleg frå eigarrepresentantane i Fjord1 til F1 Holding og frå F1 Holding til fylkesutvalet.

Det går fram av intervju at det er styreleiar i F1 Holding som rapporterer til fylkesutvalet frå F1 Holding, og at eigarrepresentanten til F1 Holding i Fjord1 rapporterer direkte til fylkesutvalet. Den formelle strukturen er rapportering frå eigarrepresentanten i Fjord1 til F1 Holding, og frå fylkeskommunen sin eigarrepresentant i F1 Holding til fylkesutvalet.

Det vart i intervju peika på at utøving av eigarskapen og rapporteringa skjer i samsvar med politiske vedtak som er gjort.

Kontakten med Torghatten:

Fylkesrådmannen er av fylkestinget sett til å slutføre salet av aksjane i F1 Holding til Torghatten. Det vart i intervju stilt spørsmål om kvifor det er fylkesordføraren som har dialogen med Torghatten når fylkestinget har sett fylkesrådmannen til å slutføre salet. JF svarte at fylkesordføraren i kraft av å vere fylkeskommunen sin fremste politiske representant, og at fylkesordføraren også har kontakten med styreleiar i Fjord1 og med leiinga i Havilafjord AS, ser ho det som naturleg at også kontakten med Torghatten ligg til fylkesordføraren. JF presiserer at fylkesrådmannen likevel har ansvaret han har fått av fylkestinget i vedtaket om sal av aksjane i F1 Holding. Fylkesrådmannen har også svart at det er fylkesordføraren som er fylkeskommunen sin hovudkontakt. I den grad fylkesrådmannen har hatt kontakt, dreier det seg om litt e-post-utveksling til leiinga i Torghatten, men det har kun dreia seg om praktiske avklaringar.

I Eigarmeldinga pkt. 3.2.2 – Fylkesordføraren si rolle – står følgjande:

*«Fylkesordføraren har ingen formell lovpålagd rolle i høve fylkeskommunen sin eigarskap, med mindre fylkestinget har gjort særskilde vedtak om obligatoriske oppgåver. Det er ikkje fatta slikt vedtak i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette medfører at ordføraren ikkje har nokon annan funksjon ovanfor fylkeskommunen sine eigarinteresser enn dei andre folkevalde med mindre fylkesordføraren blir gjeve mynde av fylkestinget.»*

Det er fylkesrådmannen som, av fylkestinget, har fått i oppdrag å slutføre salet av aksjane i F1 Holding. Det er naturleg å anta at det er fylkesrådmannen som etter vedtaket i fylkestinget også bør vere kontaktperson med kjøparen.

Fylkesordførar er den fremste politiske og rettslege representanten for fylkeskommunen og er til vanleg den som representerer fylkeskommunen. Trass i at det er fylkesrådmannen som har ansvaret for å slutføre salet av aksjane i F1 Holding, vurderer fylkesordførar at ho, som fylkeskommunen sin fremste politiske representant, bør ha dialogen med kjøpar.

### **5.3. Konklusjon**

Slik vi ser det etter ei samla vurdering kan formuleringane i brevet av 08.12.2015, med visning til kap. 4.2 i notatet, oppfattast som instruerande.

Styreleiar i F1 Holding har i intervju sagt at han i møta har påverka og rettleia styremedlemmane, men innafor det ein må kunne forvente at ein som handlar på vegne av eigaren har rett til. Slik vi ser det kan han, gjennom sine handlingar og tolking av kva som er



innafor fylkeskommunen sine regler og retningslinjer i samband med eigarutøving, oppfattast som forsøk på å påverke styremedlemene utanfor generalforsamling.

Undersøkinga viser at kontaktmøta, som har vore gjennomført mellom fylkeskommunen, F1 Holding og styremedlemene som var innstilt av fylkeskommunen, har vore viktige møte for å formidle informasjon og for å bygge opp tillit mellom eigar og styre. Det er ingenting i undersøkinga som tyder på at minoritetseigar sine interesser ikkje har blitt ivaretatt som konsekvens av desse møta. I følgje styreleiar i Fjord 1 har han orientert resten av styret om kontaktmøta og innhaldet i møta. Vi har i denne undersøkinga ikkje gått inn på nokon form for lovlegkontroll av kontaktmøta.

Ut frå våre undersøkingar kan det tyde på at rutinar for rapportering mellom Fjord1, F1 Holding og fylkesutvalet har føregått utanfor malen for rapportering i Eigarmeldinga, men i samsvar med avtalte og vedtekne rapporteringsrutinar.

Vi merker oss at kommunikasjonen med Torghatten har blitt gjennomført av fylkesordførar, trass i at det er fylkesrådmannen, som gjennom vedtak i fylkestinget, har fått fullmakt til å slutføre salet av aksjane i F1 Holding.